

På lag med
framtida.

Giske Venstre



VENSTRE

Med Giske inn i framtida.



Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Giske kommune er ei kommune i vekst og vi nærmar oss 8500 innbyggjarar.

Nye store næringsetableringar er på gong. Dette gjer at vi kan få fleire arbeidsplassar og kommunen blir endå meir attraktiv å busette seg i. Det kan by på utfordringar både innan skule og helse og vi vil gjere vårt for at desse tinga skal vere gode nok for innbyggjerane våre.

Giske Venstre sine kandidater er no klare for å gjøre Giske til ei endå betre kommune å bu i. Ei kommune som gir omsorg når du treng det, som er ein god stad å vekse opp i, og legg til rette for nyskapning, nye arbeidsplassar og tar vare på miljøet vårt, både til lands og til havs.

Trivsel og inkludering i skulen.

Born lærer meir når dei har det bra. Venstre er opptatt av at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

Vi vil:


- Behalde skulestrukturen slik den er i dag, med fortsatt to ungdomsskular i kommunen.
- Ruste opp Vigra barneskule.
- La lærerane få bruke meir tid på borna og mindre tid på byråkrati.
- At born som fell utafor skal få hjelp tidleg, ved å styrke PPT og prioritere tidleg kartelegging og innsats for born med behov.
- Styrke satsinga innanfor psykisk helsevern for born og unge.
- Styrke barnevernet og helsestasjonen.

Helse og omsorg

Helse og omsorgtjenestane i Giske kommune skal være av god kvalitet og kapasiteten skal være tilstrekkeleg. Vi vil jobbe for at det skal være nok omsorgsboligar og sjukeheimspllassar til alle.

Vi vil:

- Sikre alle eit godt tilbod.
- Styrke satsinga på heimebasert omsorg og brukertilpassa tjenester.
- Oppretthalde Godøy Bukollektiv.
- Bruke "Innovativ tenkning" for nyskapande måtar å drive omsorg på.
- Styrke samarbeidet med frivillege organisasjonar, pårørande og Frivillighetssentralen.



„Omsorg når du treng det.

**Jan Ove Skodje
Ordførarkandidat**



Miljø

Giske kommune er kjend for sitt vakre kystkulturlandskap. Overalt finn vi ynda turmål som må ivaretakast også for kommande generasjonar.

Utbyggingar må planleggast godt og i samsvar med både landskap, friområder og miljøet.

Vi vil:

- Arbeide for betre kollektivløysing innad i kommunen.
- Vidareutvikle gangveg frå Skjongholmen til Giske.
- Vidareutvikle turstiar og tilgang til friområder.
- Betre renovasjonsordningar og sanitæranlegg ved badeplassane våre.
- Følgje opp den etablerte busetjingsplanen.

Verdiskapning

Dei to største primærnæringane i Giske er fiskeri og landbruk. Det er viktig ar det arealmessig blir lagt til rette slik at desse næringane kan drive med forutsigbarheit. Vi ønskjer å støtte eit levande kulturliv i Giske, både det historiske og det framtidsretta. Kulturlivet skaper tilhøyrigheit, stoltheit og identitet i samfunnet vårt.


Vi vil:

- Styrke det marine vernet.
- Ha tett dialog med bondelaget og fiskarlaget.
- Prioritere fiskerinæringa si utvikling i havnene våre.
- Sikre god utvikling av landbruket og jordbruksareal.
- Fortsatt gratis leige av lokaler for kulturaktivitetar for born under 18 år.



” Vi må prioritere kvalitet i skulen. Vi må auke ressursane til lærar- og assistenttimar.

Silje Giske
2. kandidat, Giske



” Giske må halde fram den sterke satsinga dei siste åra på å legge til rette for nye bedrifter og jobbar.

Christian Molnes Ingvaldsen
3. kandidat, Valderøya



” Vi vil arbeide for vekst, utvikling og nye jobbar i heile Giske Kommune.

Ole Jogeir Furnes
4. kandidat, Godøya



” Miljøet vårt og havet rundt oss. Eg vil arbeide for eit godt marint vern. Reint hav er særskilt viktig for meg.

Hanne Roaldsnes
5. kandidat, Valderøya



Jan Ove Skodje

Ordførarkandidat

Eg har alltid vore stolt over å fortelje kvar eg kjem i frå og kvar eg arbeider.
Det har vore med på å utvikle mitt engasjement for heimstaden min og kommunen vår.

Frivilleheit og dugnadsånd er det som driv meg og har gjort meg til den eg er. Alt med eit stort ønskje om at vi alle skal ha det godt rundt oss, både om vi treng kommunale tjenester og støtte elles i nærmiljøet vårt.

Giske kommune er ei flott kommune å vekse opp i, der alle øyane har kvar si særeigenheit. Den må vi ta vare på og sørge for å behalde.
Vi må vekse i takt med kvarande slik at vi fortsatt beheld vår identitet.

Havområda rundt oss er ein av mine store lidenskapar. Det er derfor med ein god posjon stolthet at eg takka ja til å vere med i Marint Vern for å bidra for miljøet vårt der.

Godt val.



Stem på Britt og Pål

Fylkestingkandidater

Topp 10 lista til fylkestingvalet:

1. Pål Farstad, Kristiansund
2. Britt Giske Andersen, Giske
3. Frode Heimen, Molde
4. Lena Landsverk Sande, Vanylven
5. Håvard Urkedal, UV/Haram/Ålesund
6. Rita Rognskog, Aukra
7. Ragnhild Helseth, Kristiansund
8. Kari Grindvik, Skodje/Ålesund
9. Roald Røsand, Averøya
10. Martin Kjøpstad, Vestnes

**"På lag med framtida og
på lag med Giske"**

Vi vil mellom anna arbeide for:

**-Meir buss og betre tilpassa
busstilbod i Giske.**

**-Senke prisen gradvis for
ungdomskortet og utvide
aldersgrensa.**

- Gjere studenkortet sonefritt.

**-Innføre og styrke
tilskuddsordning for at lokale
organisasjonar og idrettslag skal
kunne vedlikeholde turstiar.**

**- Styrke jordvernet. Ta vare på
kulturlandskapet og biologisk
mangfold, og fortsatt jobbe for
evig vern av Mørefeltet.**

- Arbeide for Gjøsund fiskerihamn.

Venstre sine kandidater i Giske.



1. Jan Ove Skodje, ordførarkandidat.

Opprinnelig Vigring, men bur på Godøya, inne i si tredje periode som kommunestyrerepresentant. Ansatt på flyplassen, og leiar i Godøy IL.



2. Silje Giske

Bur på Giske, og arbeider på Giske skule. Har stor interesse for fotografering (om du lurte så er det ho som har tatt dei fine biletta våre)



3. Christian Molnes Ingvaldsen

Bur på Valderøya, jobbar for tida på Arkiv og har vore aktiv i ungdomspolitikken lenge.



4. Ole Jøgeir Furnes

Frå Godøya, Sjølvstendig næringsdrivande, partiets "Grand Old Man". Aktiv i politikken sidan 90-tallet.



5. Hanne Roaldsnes

Frå Valderøya. Er opptatt av miljøet og havet rundt oss. Reint hav er ei hjertesak.

6. Thomas Hoddevik, Giske

7. Arild Gjesund, Valderøya

8. Britt Dagny Nikolaisen, Valderøya

9. Trude Molnes Lund, Giske

10. Rune Skog, Godøya

11. Kai Henrik Brynestad, Godøya

12. Mona Vartdal Dimmen, Godøya

13. Jenni Elena Giske Andersen, Giske

14. Anne Lovise Stornes Ytterland, Vigra

15. Britt Elin Roald Farstad, Godøya

16. Britt Giske Andersen, Giske

Les mer om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

venstre.no/giske



VENSTRE